



Adresseliste

Saksbehandlar, innvalstelefon

Ingrid Leirvik Olsen, 5557 2059


Høyring av søknad om anleggsarbeid i sjø - vidareutvikling av industriområde på Serklau på Moster, Bømlo kommune – høyringsfrist 3. desember 2025

ABO Plan & Arkitektur Stord AS søker, på vegne av Moster Eiendom AS, om løyve etter forureiningslova til anleggsarbeid i sjø for å vidareutvikle det eksisterande industriområde på Serklau, gbnr. 20/80 m.fl. i Bømlo kommune. Dette vil bidra til nytt tilgjengeleg areal for marine/maritime næringsverksemdar. ABO Plan & Arkitektur Stord AS har i den vedlagte søknaden beskriva arbeida, lagt ved risikovurdering av forureina sediment, konsekvensutredning av marint naturmangfald og naturressursar, geoteknisk vurderingsrapport og føreslått avbøtande tiltak for å redusere fare for forureining.

Det skal nyttast ca. 152 500 m³ (450 000 tonn) sprengstein for å oppnå ynskja landvinning. Avgrensing av fyllingstoppen utgjer ca. 17 580 m². Topp fylling vert på kote +2,5. Store delar av området vert fylt ut med landfylling (endetipp), mens den djupaste delen av fyllingsfoten vert utført ved hjelp av lekter. For å isolere eventuelle forureina massar vert det først lagt ut eit 10 cm sandlag over heile fyllingsområdet.



Figur 1: Prinsippkisser for dei to alternativa som er utgreidd i konsekvensutgreiinga; alternativ A til venstre, og alternativ B til høgre.



Figur 2: Illustrasjon som viser mogleg utforming av næringsområdet ved alternativ A (øvt) og B (nedst).

Søklar ynskjer oppstart av arbeida rundt 1. januar 2026. Entreprenør reknar med ein anleggsperiode på ca. 1 år frå oppstart.

Ber om eventuelle uttaler innan 3. desember 2025

Statsforvaltaren ber om uttale frå kommune om tiltaka i samsvar med reguleringsplan og evt. andre merknader. Vi ber Bergens sjøfartsmuseum, Fiskeridirektoratet, Mattilsynet og Sør-Norges Fiskarlag om å vurdere tiltaket av omsyn til marine kulturminne og fiskeriinteresser.

Statsforvaltaren ber om uttaler til vedlagte søknad innan 3. desember 2025. Uttaler kan sendes til fmvlpst@statsforvalteren.no, merk med referansenummer 2025/16991.

Søknaden, fleire av søknadsdokumenta og Statsforvaltarens brev i saka vert gjort tilgjengeleg på Statsforvaltarens heimeside: <https://www.statsforvalteren.no/nb/vestland/hoyringar/>.

Med helsing

Magne Nesse
senioringeniør

Ingrid Leirvik Olsen
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Moster Eiendom AS
ABO Plan & Arkitektur Stord AS

Strandgata 92 5528 HAUGESUND

Mottakerliste:

FISKERIDIREKTORATET
MATTILSYNET
BØMLO KOMMUNE
STIFTELSEN BERGENS
SJØFARTSMUSEUM
SØR-NORGES FISKARLAG

Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Rådhuset Leirdalen 1	5430	BREMNES
Postboks 7800	5020	BERGEN
Postboks 936	6001	ÅLESUND